


Leikanger Jakt- og Fiskelag Årsmelding 2006

Årsmøte i lagshytta på Kleppa fredag 9.mars 2007 kl.19:00



Den nye lagshytta/ leirduebana på Kleppa

Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid!



ÅRSMØTE

**Lagshytta på Kleppa
Fredag 9. mars kl.19:00**

SAKLISTE:

- 1. Godkjenning av møteinkalling.**
- 2. Val av møteleiar og skrivar.**
- 3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.**
- 4. Årsmelding.**
- 5. Rekneskap.**
- 6. Val.**
- 7. Revidering av §5 i laget sine vedtekter. (sjå eige ark)**
- 8. Info. om aktivitetar i 2007.**
- 9. Innkomne saker.**
- 10. Sognekraft orienterer om kraftutbyggingsplanane i Kommunen.**
- 11. Video framvising frå jakt i Afrika.**

Enkel servering og sosialt samvær!

Nye og gamle medlemmar velkomne!

Styret

Leikanger jakt- og fiskelag

ÅRSMELDING 2006

Lagsaktivitetar

Ferdigstillinga av hytta på Kleppa styrte møteaktiviteten også i 2006. Det er halde tre styremøte og om lag 10 byggemøte.

Styret har i 2006 vore samansett som følgjer:

Leiar:	Svein Inge Lundheim
Nestleiar:	Per Ove Fossheim
Kasserar:	Håkon Nesse
Sekretær:	Sven Erik Vestby
Kvinnekontakt:	Marianne Vara
Vara:	Per Norstein

I tillegg møter leiarane for utvala på styremøta.

Per Ove Fossheim og Svein Inge Lundheim var utsendingar på årsmøte til NJFF Sogn og Fj. Sverre Fjøsne, Marianne Vara og Svein Inge Lundheim var med på samling for ungdomsleiarar, kvinnekontaktar og leiarar i Balestrand.

Svein Inge Lundheim var delegat frå NJFF Sogn og Fjordane på landsmøte i NJFF på Hafjell.

Vi har fått støtte frå kulturmidlane i Leikanger Kommune på 4.000,-.

Vi vert støtta av Sogn Avis gjennom ein annonsestøtte på 15.000,- eks.mva.

Det er inngått avtale med Sognefjord Reiseliv avdeling Leikanger om merking/rydding av 6 stiar (6.000,-kr) samt bygging av gangbane over myra mellom Kleppa og Eggja (10.000,-kr). Medlemmane våre får rabattar hjå Leikanger Bokhandel og E. Røysum.

Laget har fått ei støtte på 7.500,-kr frå "Lokal Agenda 21" (Fylkesmannen) til innkjøp av projektor m/høgtalarar.

Laget har også fått fleire aktivitetsstøtter og vervepremier frå frå NJFF siste året:

- Utstyrspakke med 8-10 manns lavvo m/botn, kaffiknekt, tørkestativ, rundbreiñnar og steikehelle for prosentvis vekst i 2005.
- "Fiskesommer"-støtte på 10.000,-kr
- 4 røykeomnar for verving av 10 nye fiskeklubbmedlemmar.
- Aktivitetsstøtte til "Vårsprellen" og skulestangprosjekt på 6.000,-kr for 2007.

Medlemstalet var ved årsskiftet er 178, dvs ein auke på 10.

Lagshytta på Kleppa

Vi gratulerer alle med den nye hytta på Kleppa! Kostnadane med opparbeiding veg, tomt, sikkerheitssone, tinglysing av festeavtalar, oppføring av lagshytta, boring etter vatn m.m., kom på omlag 825.000,- kr.

Byggenemnd for lagshytteprosjektet

Leiar: Per Ove Fosheim
Svein Inge Lundheim
Håkon Nesse
Kurt Laneteig

Den 24. juni vart den nye lagshytta vart teken i bruk. Først med eit arrangement for gåvmilde bidragsytarar til arbeidet, og sidan med ope hus for alle som ville kome å sjå.

Leikanger kommune har vore den viktigaste utanforståande parten for laget i arbeidet med på få realisert planane om ei ny lagshytte. Hytta vart difor opna på ein passande måte: ordføraren vart planane utfordra til å skyte ned ei leirdue. Olav Lunden viste at det å vere ordførar tydelegvis gjev nervar av stål. Trass i kommentarsikre tilskodarar med gjennomarbeidde prognosar som peikte på at det ville vere skytelys til langt på natt, trengte ordføraren berre to skot for å få dua ned. Kan hende var det utsiktene til ei triveleg samkome som gav grunnlag for slik sterkt konsentrasjon?

Ved samkoma fekk laget helsingar og gaver frå mange støttespelarar. Alle dei om lag 80 personane som har gjeve sitt bidrag til dei vel 4600 dugnadstimane som vart registrert, burde vore trekt fram her. Men det er det ikkje plass til. Men vi vil nytte høvet til å gje ein takk til alle som på ein eller annan har vore med – utan din eller dykkar innsats ville det ha vorte vanskelegare å få hytta ferdigstilt.

Vi vil likevel få nemne ein ekstern støttespelar, og det er Sparebanken Sogn og Fjordane, avdeling Leikanger. Ikkje berre fekk vi ei sjenerøs gave på 75.000,-kr – laget vart også utnemnt til banken sitt fyrtårnprosjekt i Leikanger for 2006. Dette opplever vi som ei stor påskjøning og som ei stadfesting på at folk i Leikanger set pris på at vi har fått reist hytta til glede og nytte for lokalsamfunnet.

Etter ferdigstillinga har hytta vorte nytta til ulike arrangement. Vi vil trekke fram dei sosiale samlingane der lag og verksemder har kombinert desse med ei innføring i leirdueskyting med instruktørar frå laget. Dette håper vi vert populært også i framtida.

FISKEUTVALET har i 2006 hatt følgjande medlemmer:

Leiar: Jan Magne Vigdal
Medlem: Carlo Aall
Medlem: Jermund Høgheim
Medlem: Per Sivert Nesdal

Det er ikkje mykje levande tradisjon for isfiske her i Sogn. Men i den gjengen på ca. 60 pers. som samla seg på Dalavatnet ein sundag midt i mars, var det mange som var med i fjar og. God is og lite snø inspirerte til eit uteval med utprøving av ulike teknikkar og strategiar for å få lurt fisken til å bite. Kanskje vil du tru at det ikkje er noko særleg triveleg å handtere boksar fulle av flugelarvar. Men kollar du dei maggot og tek dei med ut på isen, er det ingen som tykkjer det er utrikelege saker. Her er det auren som skal lurast, og til det er flugelarvar framifrå.

Førebuingane til sommarsesongen starta med flugebittarkurs i sløydsalen på barneskulen i slutten av mars. I alt 17 deltakarar sette seg inn i kunsten. Vi har dverre ingen registreringar av kor mange fiskar som vart teke opp på sjølvbitta fluger. Kjenner vi instruktøren Tore Broch rett, har det ikkje vore få.

I april var det kurs i flukekasting. Også i 2006 tok den pasjonerte flugefiskaren Gunnar Olsmo seg tid til å lære bort kunstar. Ikring 20 personar fekk gode råd om korleis dei kan verte betre ven med både stang og snøre.

Nytt av året var deltaking i den nasjonale sjøaurekonkuransen. Den går ut på å få den største sjøauren. Tretten medlemmar melde seg på, men ingen ville vise fram fiskane dei (ikkje) fekk. Det går rykte om at det vart teke fisk som ikkje vart rapportert inn. Det kan tyde på at medlemmane i jakt og fiskelaget er både audmjuke og sjenerete. Vi reknar med betre oppfølging i 2007.

Det er for fiskeutvalet gledeleg at mange ungar ser ut til å trivast med fisking. I det heile ser det ut som om sportsfiske framleis er kjekt for ungar. Det såg vi att i Vårsprellen som hadde samlingsstad på Hanahaug 2. juni. Arrangementet trekte 42 deltakarar der halvparten var yngre enn 15 år, og som alle dreiv intenst fiske langs land i tre timer for å verte årets meister. Vandrepokalen fekk hylleplass i Sogndal det neste året då 14-åringen Magnar Eggum Sterri klarte å lure på land ein lyp på nøyaktig 2378 g. Ikkje alle gjort eit slikt stykke dei siste åra.

Fiskekonkuransen på Fjærlandssete treng vi vel ikkje presentere nærare. I år var det 31 deltakarar som trassa sommarvarme og finvêr (!) for å prøve seg på auren. Og heldigvis, auren hadde ikkje forstått at det finst tider på sesongen der dei bør vere ekstra forsiktige. Største fisken fekk Sverre Fjøsne. Den vart veid til 389 gram. At Sverre også er flugefiskar, medførte at han då også fekk napp i vandrepokalen "flugefiskaren". Kanskje han brukte ei sjølvbitta fluge?

Begge desse konkuransane var registrerte i "Fiskesommer – konkurranse". Alle under 16 år var med på "Fiskeklubbarrangement" der det er premiar til alle!

Eit siste tiltak som vonleg er i ferd med å verte tradisjon, er fellesturen til Hallingskeisanden i Lærdalsfjella. Her er det rom for overnatting i telt og lavvo, vatn med mykje fin fisk i, og høve til å vere med på å setje ut aureyngel i vatna. Årleg utsetjing av aure er eitt av tiltaka som vart innført som kompensasjon for kraftutbygginga i området, og eit tiltak som viser at god forvaltning av naturressursane ikkje berre er hausting, men sång og. Vi set pris på at vi kan stille med ei hand eller fire til gode tiltak hjå gode grannar.

JAKTUTVALET har i 2006 hatt følgjande medlemmer:

Leiar: Bjarne Sjøthun
 Medlem: Per Olav Henjum
 Medlem: Per Norstein
 Medlem: Øyvind Njøs

Det vart lyst ut jaktprøvekurs i 2006, men det var for få påmelde til å gjennomføre kurset. Medlemmene i jaktutvalet har vore aktive i samband med gjennomføringa av skyteprøva for storviltjakt. Utvalet har også gjennomført kurs i partering av storvilt på lagshytta på Kleppa, med Ivar Fykse som instruktør.

Fangstkonkurransen for mår og rev vart vunnen av Per Røysum, med 13 mårar og 2 revar. Den største var ca. 8,5kg.

LEIRDUEBANEUTVAL hadde i 2006 følgjande samansetting:

Leiar: Leif-Arne Lingjerde

Medlem: Odd Reksnes

Medlem: Emil R. Skartun

Medlem: Svein Inge Lundheim

Leirduebana var etter ferdigstillinga av hytta open for trening på onsdagar. Den nye bana fekk fort ord på seg om å vere god og treningsaktiviteten tok seg godt opp utetter sommaren .

Leirdueskyttarane i laget har ikkje vore så aktive i konkurransar dette året som for ei tid tilbake. Mykje skuldast nok arbeidet med hytta på Kleppa – det medførte mellom anna at vi kom seint i gang med treninga. Men nyebana ga inspirasjon. For i Indre Sogn Cup med skyting i Gaupne ein dag og på den nye bana på Kleppa på dag to, sikra ein av veteranane våre, Kurt Langeteig, seg samanlagtsigeren i klasse A med 98 treff av 100. Elles legg vi merke til at junioren Emil Røysum Skartun er i god utvikling og fekk 93 treff av 100. Det sikra han sigeren i juniorklasse.

Også i 2006 er det Frode Husum som har vore den som har gjort det best på større stemner. På NM i Nordisk Trap vart han nr 8 i A-klassen. I NM Jegertrap vart Frode nr 3 i B-klassen medan Emil Røysum Skartun vart nr. 6 i D2-klassen.

Emil viste seg fram fleire gonger denne sommaren. Den verkeleg store duellen i skyttarmiljøet på Leikanger er når Skyttarlaget og Jakt og fiskelaget brakar i hop for å sjå kven som er den mest allsidige skyttaren på Systrond. Då er det skyting med rifle i Eivaldgjerde og med hagle på Kleppa. Etter jamt god skyting med rifle, slo Emil til med fullt hus på Kleppa. Det sikra han samanlagtsigeren, eitt poeng føre Jørn Njøs frå Skyttarlaget. Samanlagt vann jakt og fiskelaget over skyttarlaget med knapp margin.

Lagsmeisterskapen er gjævt å vinne. I år var det ulike vinnarar i dei ulike disiplinane. Mellom konkurranceskyttarane var det Nils Olav Langeteig som vart meister i jegertrap medan Håkon Nesse vann jegerklassa. I leirduestien var det Svein Inge Lundheim som vann av konkurranceskyttarane medan Per Ove Fossheim sikra seg eit trofé i jegerklassa.

Jaktskytingas dag vart arrangert den 2. og 3. september. Omlag 8-10 deltok på 100 m i Eivaldgjerde. På Kleppa var det omlag 20 frammøtte, som fekk vera med på ein fin familedag med skyting og sosialt samvær.

UNGDOMSUTVALET har i 2006 hatt følgjande medlemmar:

Leiar: Sverre Fjøsne

Medlem: Jan Thore Fedje

Medlem: Arve Yttri

Medlem: Ingår Husabø

Ungdomsutvalet sine oppgåver er nært knytt til aktiviteten i andre utval. Også i 2006 har utvalet hatt eit aktivt år og har samarbeidd med fiskeutvalet med dei fleste aktivitetane, som isfiske på Dalavatnet, flugebitting, flukekasting, fiskekonkurransane og familie/fisketuren til Hallingskeisanden.

HUNDEUTVALET har i 2006 hatt følgjande medlemmar:

Leiar: Bjørn Monsen

Medlem: Kurt Langeteig

Medlem: Øyvind Husabø

Medlem: Geir Ove Røysum

Det har vore treningssamling på Aurlandsfjellet i slutten av februar – 21 hundar (4 parti).

Lea (Øyvind Husabø) oppnådde 2.AK på jaktprøve.

Det har vore 12 treningsturar med ståande fuglehundar. 3-6 hundar var med.

Oppsummering

Året 2006 har vore eit merkeår i Leikanger jakt og fiskelag si historie. Vi har teke den nye hytta i bruk og vi har hatt mange spanande og givande aktivitetar. Mange i bygda er medlemmer i laget, men vi har plass til fleire. Og hugs – lagshytta på Kleppa kan vere ein alternativ stad for dine aktivitetar og dine samlingar anten du er medlem eller ikkje.

Velkomen skal du vere!

Styret

LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG REKNESKAPEN 2006

UTGIFTER

Kontor / Rekvista	6 546,49
Kontingenter	525,00
Kurs/møter	8 667,00
Trastadalshytta	935,50
Drift leirduebane	18 583,50
Eigne kurs	950,00
Barn/ungdomsarbeid	11 377,00
Fiskekonkurransar	1 304,00
Diverse utgifter	10 808,37
Dugnadsarbeid	4 934,00
Leirduebane nytt anlegg	533 000,14
Renter	6 456,00
Sum utgifter	604 087,00

INNTEKTER

Renteinntekter	222,00
Sponsor/gaver	84 500,00
Kontingent	9 730,00
Eigne kurs	300,00
Fiskekonkurransar	5 250,00
Diverse inntekter	9 211,00
Trastadalshytta	1 700,00
Drift Leirduebane	28 248,00
Barn/ungdomsarbeid	26 500,00
Dugnadsarbeid	18 500,00
Leirduebane nytt anlegg	93 349,00
Sum inntekter	277 510,00

Underskott	-326 577,00
------------	-------------

AKTIVA PR 31.12.2006

Sparebanken Sogn og Fjordane	39 958,93
Fiskeutstyr / Fluestang	12 150,00
Skot, duer, premiar mm	5 585,00
4 stk lavvo med ovner, heller	20 000,00
Lagshytte (teknisk verditakst)	1 700 000,00
Leirduekastar m/ utstyr	40 930,00
Videospelar/overhead/stativ	5 500,00
DVD, projektor, høgtalar	12 300,00
Diverse artiklar for salg	4 850,00
Kasse	1 140,00
Sum aktiva	1 842 413,93

PASSIVA PR 31.12.2006

Lan	161 488,00
-----	------------

*Rekneskapeen gjennomgått og
finnes i orden.*

Leikanger 26.02.07.

Yuri Hassne Inge Hthi

Styret i Leikanger Jakt- og Fiskelag 2006

9

Forklaring: B = på val 2007 A = ikke på val 2007

Styret;

Kategori:	Verv:	Namn:	Forslag:	Telefonnr.:
B	Leiar	Svein Inge Lundheim	attval	90605267
A	Nestleiar	Per Ove Fossheim		97570583
A	Kasserar	Håkon Nesse		97511639
B	Sekretær	Sven Erik Vestby	attval	99252281
B	Varamedl	Per Norstein	attval	48182680
B (1år)	Kvinnekontakt	Marianne Vara	attval	41530961

Jaktutval:

A	Leiar	Bjarne Sjøthun		90957245
A	Medlem	Per Olav Henjum		91333305
B	Medlem	Per Norstein	attval	48182680
B	Medlem	Øyvind Njøs		99499167

Fiskeutval:

B	Leiar	Jan Magne Vigdal	attval	95259791
A	Medlem	Carlo Aall		48170714
B	Medlem	Jermund Høgheim	Jan Egil Gjøringsbø	48154373
A	Medlem	Per Sivert Nesdal		95004333

Leirduebaneutval:

A	Leiar	Leif Arne Lingjerde		91176689
A	Medlem	Odd Reksnes		95758559
B	Medlem	Svein Inge Lundheim	attval	90605267
B	Medlem	Emil Røysum Skartun	attval	47641028

Ungdomsutval:

B	Leiar	Sverre Fjøsne	Ole Simen Nesdal	90639848
B	Medlem	Arve Yttri	Vidar Jacobsen	97096865
A (1år)	Medlem	Ingar Husabø	Sverre Fjøsne	95709825
A	Medlem	Jan Thore Fedje		95758389

Hundeutval:

B	Leiar	Bjørn Monsen		90590848
B	Medlem	Kurt Langeteig		95089899
A	Medlem	Øyvind Husabø		97155161
A	Medlem	Geir Ove Røysum		90839112

Revisor:

A		Sverre Fossen		57653329
B		Inge Yttri	attval	57653331

Valkomite:

A	Leiar	Bjørn Monsen	Emil Røysum Skartun	47641028
A	Medlem	Emil Røysum Skartun	Marianne Vara	41530961
B	Medlem	Marianne Vara		

Innvendig frå lagshytta

10



PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTE 9.MARS 2007

Leikanger Jakt og Fiskelag heldt årsmøte i Lagshytta på Kleppa fredag 9. mars kl.19:00

Til stades:

Svein Inge Lundheim, Marianne Vara, Jan Magne Vigdal, Ivar Fagerheim, Ole Simen Nesdal,, Bjarne Sjøthun, Leif Arne Lingjerde, Sverre Fjøsne, Sven Erik Vestby, Jan Thore Fedje, Vidar Frækaland, Leif Frækaland, Kjell Erik Strand, Emil Røysum Skartun, Per Olav Henjum, Ronny Rydningen, Leif Bjarne Sæle.

SAKLISTE:

Sak 1: Godkjenning av møteinnkalling.

Vedtak: Godkjent

Sak 2. Val av møteleiar og skrivar.

Vedtak: Møteleiar: Svein Inge Lundheim, skrivar Sven Erik Vestby.

Sak 3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.

Vedtak: Sverre Fjøsne og Kjell Erik Strand vart vald.

Sak 4. Årsmelding.

Det var ikkje ynskje om at årsmeldinga vart lest opp. Det kom innspel om at forma på årsmeldinga er fin.

Vedtak: Årsmeldinga vart godkjent.

Sak 5. Rekneskap.

Vedtak: Godkjent utan merknad

Sak 6. Val.

Leiar:	Svein Inge Lundheim	Attval
Nestleiar:	Per Ove Fossheim	Ikkje på val
Kasserar:	Håkon Nesse.	Ikkje på val
Sekretær:	Sven Erik Vestby	Attval
Kvinnekontakt (1 år):	Marianne Vara	Attval
Varamedlem:	Per Norstein.	Attval

Jaktutval:

Leiar:	Bjarne Sjøthun.	Ikkje på val
Medlem:	Per Olav Henjum	Ikkje på val
Medlem:	Per Norstein.	Attval
Medlem:	Øyvind Njøs.	Attval

Fiskeutval:

Leiar:	Jan Magne Vigdal.	Attval
Medlem:	Carlo Aall.	Ikkje på val
Medlem:	Jan Egil Gjøringsbø	Vald
Medlem:	Per Sivert Nesdal.	Ikkje på val

Leirduebaneutval:

Leiar:	Leif Arne Lingjerde	Ikkje på val
Medlem:	Odd Reksnes	Ikkje på val
Medlem:	Svein Inge Lundheim	Attval
Medlem:	Emil Røysum Skartun	Attval

Ungdomsutval:

Leiar:	Ole Simen Nesdal	Vald
Medlem:	Vidar Jacobsen	Vald
Medlem: (1år)	Sverre Fjøsne	Vald
Medlem:	Jan Thore Fedje	Ikkje på val

Hundeutval:

Leiar:	Kurt Langeteig	Vald
Medlem:	Bjørn Monsen	Vald
Medlem:	Øyvind Husabø	Ikkje på val
Medlem:	Geir Ove Røysum	Ikkje på val
Revisor:	Sverre Fossen	Ikkje på val
Revisor:	Inge Yttri	Attval

Valkomite:

Leiar:	Emil Røysum Skartun	Ikkje på val
Medlem:	Marianne Vara	Ikkje på val
Medlem	Kjell Erik Strand	Vald

Sak 7. Revisjon av laget sine vedtekter:

Forslag til ny tekst for § 5 i vedtekten

§ 5

Laget vert leia av eit styre på 10 medlemar, som saman med 1 varamann vert valde av årsmøtet for to år om gongen med skriftleg val.

Styret er samansett slik:

Leiar, nestleiar, sekretær, kasserar, kvinnekontakt, leiar i jaktutvalet, leiar i fiskeutvalet, leiar i leirduebaneutvalet, leiar i ungdomsutvalet og leiar i hundeutvalet.

Vedtak: Forslaget vedteke

Sak 8. Informasjon om aktivitetar i 2007

Vedtak: Informasjonen vert teken til orientering

Sak 9. Innkomne saker.

Det var ingen innkomne saker. Det kom fram ønske om medlemskveld til hausten, jf festen hausten 2006.

Ordinært årsmøte vart avslutta kl 20.00.

Sak 10. Orientering om kraftutbygging


Jacob Hornnes og Kåre Fosse frå Sognekraft kom frå Vik for å orientere om kraftutbyggingsplanane i kommunen.


Matøkt

Sak 11. Videoframvising frå jakt i Afrika.

Det vart synt ein video laga av Per Norstein.

For årsmøtet:


Sverre Fjøsne


Kjell Erik Strand